



Rannveig Lie Sætre og Terje Sætre
Johan Blytts vei 38
5096 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/898 - 15/7977

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

13.04.2015


Vedkomande restaurering av eksisterande fritidsbustad på gbnr 201/11 Sætre

Administrasjonen syner til Dykkar brev datert 16.03.2015.

Saka gjeld ei eksisterande fritidsbustad på gbnr 201/11 på Sætre. Det går fram av Dykkar brev at fritidsbustaden er i svært dårleg forfatning og De ynskjer å restaurere den da det ikkje er mogeleg å nytta den slik den er i dag.

Vurdering

Tomta ligg i området sett av som LNF-område i Kommuneplanens arealdel, og bygning ligg ca 27 meter i frå sjø/vatn.



Det fremgår av brevet at det er snakk om «totalrenovering» av fritidsbustaden, men at størrelse og fasade vert uforanda og det vert ikkje lagt inn vatn til fritidsbustaden. Det fremgår ikkje av brevet kva løysing fritidsbustaden har når det gjeld avlaup, og kva planer De eventuelt har i forbindelse med dette.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Slik det kan sjå ut er det ikkje regulert inn avkøyrsløysing til tomte, og parkeringsløysing er difor uklar. Det er ikkje krav til tilkomst til fritidsbustader, men ved bruk av bil er det likevel naudsynt med ei parkeringsløysing som ikkje er til hinder for trafikken i området. Kommunen kan ikkje godkjenne parkering langs vegen, men er positiv til alternativer til parkeringsløysingar så langt der er i samsvar med lover og forskrifter samt at det privatrettslege er avklart.

I områder sett av til LNF-føremål er det som eit utgangspunkt totalforbud for bygging. Det sama gjeld for områder innafor 100-meters belte i mot sjø/vassdrag. I dette ligg det at det må søkjast om dispensasjon for all bygging i desse områdene, og dette gjeld også for resaturering av eksisterande bygning. Regionale mynde skal ha moglegheit å gje uttale i saka for på den måte sikra nasjonale og regionale interesser i området.

Konklusjon

Administrasjonen er som eit utgangspunkt positiv til restaurering av denne fritidsbustaden, da det vil gjere ei allereie etablert fritidsbustad nyttbar og området betra estetisk sett. Samstundes krev eit slik tiltak dispensasjon i frå pbl § 11-6 vedkomande rettsverknad av kommuneplanens arealdel. Det er også slik at regionale styresmakter skal ha tilgong til å kome med innspel i utifrå dagens forhold. Totalreovering av fritidsbustaden er også søknadspliktig etter Plan- og bygningslova § 20-1, og dette skal nabovarslast der det skal opplysast om at tiltaket krev dispensasjon. Administrasjonen gjer også merksem på at dersom det skal etablerast nytt avlaupsanlegg er dette også søknadspliktig etter forureiningslova og etter Plan- og bygningslova.

Dersom De har ytterligere spørsmål i saka ber vi at De tar kontakt.

Med helsing

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rannveig Lie Sætre og Terje Sætre Johan Blytts vei 38 5096

BERGEN